Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Jolenissen

Oppskr. av: Aasm. Gøytil

(adresse): Rauland

Fylke:

Herad:

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Trui på tussar og nissar er gamall - svært gamall. Nissen var ein liten, godsleg kar - men og spisskar til å finna på ekkvert fantestykke.
Tussen var mein vondarta.
Det er vel avdi at nissen var snild, at han er vorten utnemnd til „jolenisse" og kjem med jolegåvene til borni. Og trui på nissen, som jolenisse, er gamlare enn jolekort, jolehefte - tidsskrifter og f. reklame.

Men at nissen kjem - ein utkledd mann - med jolegåvone, det er ikkje so gamalt. Jolegåvene til borni hekk på joletreet til i fyrsten av 19 hundradtalet - i Rauland og Vinje - og då trong dei ingen jolenisse. Men no er jolenissen vanleg på joletrefestar for skuleborni. - men sjeldan i heimane

52887

2 Jamleg er det gotter, og knasta' nissen kjem med, men og små gåvur, såsom lommeplagg, blyantar o.s.b.

3. Det er ingen regel for, om nissen er stor eller liten. Dei tek helst ein som kan vera lustig og morosam til å råda med ungane.

4 Utstyret er – eit lufsuleg skjegg, for det meste grått, toppluve, eller skinnluve. Han må vere godt klædd

52887
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING